



ÅRSMELDING FOR KVITSEID KOMMUNE 2004

Innholdsliste:

1.	Innleiing	2
2.	Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk.....	2
2.1	Innbyggjarar	2
2.2	Sjukefråvær	4
2.3	Likestilling	4
3.	Nokre einskildpunkt frå 2004	4
4.	Rekneskapen og den økonomiske situasjonen	5
4.1	Dei generelle inntektene	5
4.2	Dei sektoruavhengige utgiftene	6
4.3	.Sektor for oppvekst og omsorg	6
4.4	Sektor for service og utvikling.....	6
5.	Investeringsrekneskapen	6
6.	Næringsfondet.....	9
7.	Nokre økonomiske nøkkeltall	9
7.1	Brutto driftsresultatet	10
7.2	Netto driftsresultat	10
7.3	Fondsbeholdninga	10
7.4	Likviditet.....	11
8.	KOSTRA samanlikningar.....	11

1. Innleiing

Årsmeldinga for 2004 er laga etter ein noko anna lest enn dei seinare åra: Målgruppa er ”intern”, dvs politikarane og dei tilsette. Meldinga er stuttare og meir fokusert. Fokuset ligg på å forklare den økonomiske situasjonen i 2004, og det er gjort ein samanlikning av Kviteseid kommune med andre kommunar gjennom KOSTRA tal. Når vi har valt denne vinklinga er det dels for å kunne gjere rekneskapen meir tilgjengeleg og forståeleg. Det er og eit ynskje om å bli ferdig med årsmeldinga tidlegare enn vanleg, slik at arbeidet kan rettast framover.


At Kviteseid er ein ROBEK-kommune (”sett under administrasjon”) gjer at svært mykje av arbeidet er knytt til kostnadsreduksjonar og gjenoppretting av ein økonomisk handlefridom. Brukarundersøkingar tyder på at innafør viktige område som skule- og pleie- og omsorg er brukarane godt nøgde. Kviteseid peikar seg ut gjennom høg kvalitet.

Det er sjølvsagt ein klar utviklingsoppgåve framover at ein i tillegg til god økonomistyring utarbeider klarare mål for kvalitet og kvantitet på tenestene og at årsmeldinga får ein rolle i dette.

2. Nokre kjenneteikn og utviklingstrekk

2.1 Innbyggjarar

Fig 1 syner talet på innbyggjarar 1.januar i perioden 1984 til 2005.



Vi ser at tilbakegangen i denne perioden utgjør i alt 375 personar eller innpå 13 %. Frå 1.1 2004 til 1.1 2005 gjekk folketalet ned frå 2 622 til 2 598, dvs 24 personar eller 0,9%

Folketalet går ned dels som fylgje av netto fødselsunderskot (fleire døyr enn det blir fødde) og dels netto utflytting.

Siste år med fødselsoverskot (fleire fødde enn døde) var 1997. Siste år med netto innflytting var 2001. Alle kommunar i Vest – Telemark, med unntak av Fyresdal (og Seljord i 2005) har nå befolkningstilbakegang.

Tabell 1 syner folketalet inndelt i ulike aldersgrupper i 2004. Dei er samanstilte med prosentfordelinga i heile landet.

Tabell 1		Andel av Total i Kviteseid	Andel av total i landet
Innb. 0-5 år	157	6,0 %	7,7 %
Innb. 6-15 år	351	13,4 %	13,5 %
Innb. 16-66 år	1 643	62,7 %	65,6 %
Innb. 67-79 år	295	11,3 %	8,6 %
Innb. 80-89 år	149	5,7 %	3,9 %
Innb. o/90 år	27	1,0 %	0,6 %
Totalt	2 622	100,0 %	100,0 %

Jamnleg sysselsettingsstatistikk på kommunenivå er ikkje tilgjengeleg. Men folke- og bustadteljinga frå 2001 gjev opplysningar om sysselsetting. Det går mellom anna fram at i aldersgruppa 16 – 74 år er 71,1% sysselsett i Kviteseid, medan dei tilsvarende tala for Telemark er 67,4% og 70,8% for landsgjennomsnittet.

Den næringsmessige fordelinga er synt i tabell 2.

Tabell 2 Personar 16-74 år fordelt på næring

	Kviteseid	Landet
Jord og skogbruk	7,6%	4,1%
Industri mv	9,2%	14,3%
Bygg og anlegg, kraft	12,8%	7,3%
Varehandel	20,1%	18,0%
Transport og kommunikasjon	6,6%	7,3%
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	5,1%	12,0%
Offentleg administrasjon, inkl helse- og forsvar	37,9%	36,3%
Uoppgjeve	0,8%	0,7%

Tabell 3 syner utdanningsnivået i Kviteseid i 2003, samanlikna med landet totalt.

Høgste utdanning	Kviteseid	Landet
Grunnskule	23,6%	20,1%
Vidaregåande	59,0%	56,4%
Universitet/høgskule	17,4%	23,5%

Innbyggjarane har lågare utdanningsnivå enn gjennomsnittet. Dette er typisk for heile Telemark, sjølv om det er kommunale variasjonar.

2.2 Sjukefråvær

Sjukefråværet i 2004 var på 8,2%, medan det var 7,8 % i 2003. Fråveret gjekk med andre ord opp i Kviteseid, medan det er nå ein klar samfunnstendens at sjukefråveret går ned. Til samanlikning har Seljord kommune eit sjukefråvær på totalt 10 %, medan Nissedal har eit fråvær på 7,7%. Ser ein på tendensen gjennom året ser ein og for Kviteseid sin del at det er lågare i 4. kvartal enn i 1. kvartal. Rådmannen er bekymra for at eit høgt arbeidspress i fleire einingar bidreg til sjukefråveret.

Det er langtidsfråværet som bidreg tyngst til fråverstalet. Korttidsfråværet, d.v.s. fråvær under 16 dagar ligg, på ca. 1 % totalt.

Kommunen underteiknat 1. mars 2004 avtale om å bli ein IA-bedrift. (Inkluderande arbeidsliv). Vi kom i gang med sjølve arbeidet i løpet av sommaren. Målet med avtala er å få ned sjukefråværet. Arbeidet med oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar er no satt i system, i tillegg til at einingsleiarane vert kursa i emnet.

2.3 Likestilling

I Kviteseid kommune er funksjonen som likestillingsutval lagt til administrasjonsutvalet. Ved val til politiske utval fylgjer vi kravet og 40 % kvinnerepresentasjon. I tilsettingssaker fylgjer vi, så langt det er mogeleg, reglane i HTA kap. 1 § 2.2

3. Nokre einskildpunkt frå 2004

Talet på saker i ulike organ:

	2002	2003	2004
Kommunestyret	59	63	56
Formannskapet	124	120	108
FSK som planutval			48
Administrasjonsutvalet	26	30	13
Arbeidsmiljøutvalet	10	11	8
Styret for service og utvikling	52	51	72
Fullmaktssaker	33	25	65
Styret for oppvekst og omsorg	67	48	29

Denne årsmeldinga legg mindre vekt enn tidlegare på å omtale verksemda i året som gjekk. Det er spesielt verd å merke seg at:

- Samarbeidet med Nissedal tok til. Nissedal har felles plankontor og lønkontor for dei to kommunane og Kviteseid har felles landbrukskontor og skattekontor.
- Det blei starta ein nedbemanningsprosess. Talet på årsverk blei redusert med ca 6. Dette skjedde utan oppseiing.
- Det skjer ein god el utviklingsarbeid t.d i barnehagar og i skulane.

4. Rekneskapen og den økonomiske situasjonen

Kommunerekneskapen for 2004 syner for fyrste gang sidan år 2000 eit positivt resultat i tyding positiv differanse mellom løpande inntekter og utgifter. Det inneber at ein kunne avsette vel 1,4 mill kr til dekning av tidlegare akkumulert underskot. Sjølv om dette er gledeleg, er denne avsetninga likevel 0,6 mill kr mindre enn budsjettert.

I dette kapitlet blir det kort gjort greie for hovudtrekk i rekneskapen.

4.1 Dei generelle inntektene

Dei generelle nettoinntektene blei i den opphavlege budsjetthandsaminga sett til 87,3 mill kr. Dette var mykje for optimistisk og inntektsgrunnlaget blei gjennom budsjettjusteringar i løpet av året redusert til 84,4 mill kr. Det endelege resultat blei 85,3 mill kr. Avvika er i korte trekk:

- Skatteinngangen blei ca 0,7 mill kr lågare enn budsjettert. Skatteveksten frå 2003 til 2004 var i Kviteseid 4,3% medan den for kommunane samla var 6,6%. Skilnaden i utvikling skuldast dels færre innbyggjarar og dels (relativ) lågare skatt per innbyggjar. Skatt per innbyggjar utgjorde 83,7% i høve til landsgjennomsnittet - ein nedgang frå 84,3% i 2003.
- Rammetilskotet blei ca 1,3 mill høgare enn budsjettert. Det har dels samanheng med utjamning av låg skatteinngang og dels med ei ekstraløyving frå Stortinget i samband med budsjettforliket hausten 2004. Denne tilleggsøyvinga, som var begrunna med lågare skatteinngang enn forventa for kommunane samla, utgjorde 1 mill kr for Kviteseid.
- Pga lågare investeringsnivå blei momskompensasjonen for investeringar vel 0,4 mill lågare enn budsjettert.
- Netto rente- og avdragsutgifter blei snaut 0,6 mill kr lågare enn budsjettert.

Oversikten og kunnskapen om samanhengar mellom dei ulike elementa i dei generelle inntektene er nå god.

Netto rente- og avdragsutgifter er redusert med ca 3 mill kr frå 2003 til 2004. I hovudsak skuldast det aktive tiltak, sjølv om eit lågare rentenivå og verkar inn. Forutan stopp i nye låneopptak er lån strekt ut i tid og dårlege fastrenteavtaler i dagens marknad er bytt ut med lågare renteavtalar ("renteswap"). Desse to siste tiltaka har gjeve god effekt for 2004, men inneber samstundes at rente- og avdragsutgiftene vil falle mindre over tid enn elles. Det er mao i høg grad kortsiktige tiltak.

4.2 Dei sektoruavhengige utgiftene

Her har det vore eit variabelt år med budsjetterte utgifter på 10,6 millionar kroner og inntekter på 0,6 millionar dvs. ei netto ramme i regulert budsjett på 10,0 millionar kroner. Rekneskapen viser at utgiftene har halde seg stabile på 10,6 millionar kroner, medan inntektene er betre enn budsjettera med 0,3 millionar kroner. Netto utgifter i rekneskapen viste ei netto ramme på 9,7 millionar kroner. Avviket på dette skyldast til dømes eit premieavvik vedrørande pensjon som blei inntektsført med 1 million kroner i 2004.

Generelt har ein hatt ei god drift i 2004, men langtidssjukemeldte har gjort at ein del ting ikkje har blitt fulgt opp slik det i eit normalt år ville vore. Det blei foretatt nokre grep på slutten av året, slik at vi i starten av 2005 har kome litt meir à jour.

4.3 .Sektor for oppvekst og omsorg

Det var budsjettert med 72,2 mill kr i utgifter og 14,5 mill kr i inntekter, dva ein netto på 57,7 mill. Så vel inntekter (18,3 mill kr) som utgifter (78,5 mill kr) var høgare enn budsjettert. Netto driftsutgifter blei dermed 60,2 mill kr. Det innebar eit negativt avvik på 2,5 mill kr. Dette skuldast høgare nettoutgifter på fleire område.

Dei største negative avvika er:

KOS	0,4 mill kr
Heimetenesteneste	0,6 mill kr
Lundenjordet	0,25 mill kr
Legekontoret	0,5 mill kr
Skulane, vesentleg Kviteseid skule	0,5 mill kr
Innsparing:	
Barnehagane samla	0,3 mill kr

4.4 Sektor for service og utvikling

Det var budsjettert med brutto driftsutgifter på 28,8 mill kr og driftsinntekter med 13,8 mill kr, mao netto utgiftsramme på 14,6 mill kr. 0,4 mill var bruk av fond.

Rekneskapen syner netto driftsutgifter på 13,8 mill kr etter at innpå 2,5 mill netto er avsett til fond. Høge inntekter ved plankontoret i Nissedal har m.a ført til mindreutgifter for Kviteseid kommune.

5. Investeringsrekneskapen

Hovudtrekka i investeringsrekneskapen er synt i tabellen under.

Det opphavleg budsjettet la opp til eit finansieringsbehov på 12,1 mill kr på bakgrunn av budsjetterte investeringar på 11,5 mill kr. Av fleire grunnar blei investeringsnivået trekt

ned gjennom budsjettjustering hausten 2004. Budsjettert finansieringsbehov er dermed 5,3 mill kr basert på forventa investeringar på 4,7 mill kr.

Rekneskapen syner eit finansieringsbehov på 3,7 mill kr basert på investeringar på 2,0 mill kr.

Den reduserte samla finansieringstrongen skuldast at:

- Tannlegekontor har det (dessverre) ikkje vore grunnlag for å byggje
- Prosjektet på Kviteseid skule er ikkje ferdig, men forventast å halde seg godt innafør den reviderte kostnadsramma.
- God gjennomføring av investeringsprosjekta samla innfor dei optrukne rammene.

Rådmannen vil foreslå at dei unytta rammene for Kartleggjing (m.a Kviteseidkrysset), rehabilitering ledningsnett (beredskapsløyving) og Kviteseid skule blir overført/gjenløyvd i 2005.

Kapitalrekneskapen syner likevel eit underskot på snaut 0,5 mill kr.

Det er verdt å merke seg at finansieringa av er gjort utan nye låneopptak. Kapitalfondet er det trukke vesentleg mindre på enn føresett, men det ligg bindingar på fondet, jf det som vil bli overført til 2005.

INVESTERINGAR	Budsjett	Revidert	Rekneskap
	2004	2004	2004
IT	200	200	89
IT Overført frå 2003	300	300	297
Kviteseid kyrkjegard	100	100	
Sikring av uteområde			5
Ombygging skule (uspesifisert)	8 200	0	
Inventar og utstyr Kviteseid skule	100	100	
Tannlegekontor	1 500	1 500	
Kartlegging	140	140	
Rehabilitering ledningsnett, vatn	200	200	
Oppmålingsutstyr, GPS	235	235	284
Sal av eigedom			20
Ballbinge			48
Ombygging Kviteseid skule		1 400	740
Brunkeberg oppvekstsenter			19
Kviteseid sentrum			94
PCB lysarmatur kommunale bygg	150	150	150
Grunnvatn i Vrådal	370	370	349
SUM INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR	11 495	4 695	2 095
Avdrag på lån	300	300	259
Eigenkapitalinnskot i KLP			264
Utlån			905
Avsetning avdrag formidlingslån			140
Avsetning Kviteseid brygge			175
Ekstraordinær innbet formidlingslån	300	300	
Avsetningar kapitalfond			
SUM FINANSIERINGSBEHOV	12 095	5 295	3 838
FINANSIERING:			
Bruk av lånemidler (nye lån)			
Inntekter frå sal av anleggsmidler		-600	-804
Tilskot frå fylkeskommunen, Kviteseid sentrum			-175
Tilskot fylkeskommunen, ballbinge			-40
Bruk av formidlingslån			-490
Motteke avdrag på utlån og refusjonar	-600	-600	-399
SUM EKSTERN FINANSIERING	-600	-1 200	-1 908
Unyttta lånemidler	-300	-300	-300
Skulepakke	-8 200	0	0
Sal av aksjar			-5
Næringsfond			-94
Bruk av Kapitalfond	-2 995	-3 795	-1 037
SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-11 495	-4 095	-1 436
SUM FINANSIERING	-12 095	-5 295	-3 344
NETTO	0	0	494

6. Næringsfondet

Denne tabellen syner bruken av og status i næringsfondet:

NÆRINGSFONDET 2004 (1000 kr)

Konsesjonsavgifter	1 043,0
Innestående per nyttår	68,4
A Sum til disposisjon i 2004	1 111,4
Bruk av fondet:	
Sektorleiar (ansvar 4301)	200,0
Kvitsund	300,0
Telemarkreisens sommarkampanje 2004	65,0
Telemark næringsfond	90,1
Telemarksvegen	25,0
Findalen daglegvare	5,0
Kviteseidmarken	7,0
Vest-Telemark Økonomi og rekneskap	30,0
Kviteseid Bok og Papir	5,0
Kviteseid brygge	94,0
Reiseutgifter	8,6
Unesco	50,0
Sommarmarken	10,0
Norsk Naturskule	5,0
Treungfestivalen	5,0
HHS Eigedom	5,0
Profilering/kart	6,8
TelemarkGuide	5,0
B Sum bruk	916,5
C Fondsbeholdning (B-A)	194,9
D. Ikkje disponert i 2004, men bunde opp for 2005:	
Kviteseid brygge	6,0

Det er utarbeidd nye vedtekter for næringsfondet. Dei er sendt fylkesmannen for godkjenning. Det skal bli utarbeidd nærmare utfyllande retningsliner.

7. Nokre økonomiske nøkkeltall

7.1 Brutto driftsresultatet

Brutto driftsresultatet fortel kor stor del av driftsinntektene som er att til å dekkje utgifter til renter og avdrag, fondsavsetningar og til finansiering av investeringar, etter at de ordinære driftsutgiftene er dekkja.

	Rekneskap 2004	Rekneskap 2003	Rekneskap 2002	Rekneskap 2001
Driftsinntekter	124 573	122 489	118 268	107 688
Brutto drifts- resultat	2 582	2 021	-360	-1 209
	2,07 %	1,65 %	-0,30 %	-1,12 %

Brutto driftsresultatet har vist ein bra utvikling sidan 2001 og denne utviklinga er viktig for at man skal kunne gjennomføre nye investeringar og sikre at kommuneøkonomien tåler ein utforsett svikt i inntekter og utgifter.

7.2 Netto driftsresultat

Netto driftsresultatet er likevel den beste måten å måle tilstanden i kommuneøkonomien, og gjev det eigentlege over-/underskotet av drifta. Netto driftsresultatet fortel kva som er att til investeringar og avsetningar etter at dei ordinære driftsutgiftene og renter og avdrag på lån er dekkja, og seier noko om kommunen si evne til å gjennomføre investeringar og nye driftstiltak. Netto driftsresultat er det same som resultat før årsoppgjersdisposisjonar i private bedrifter.

	2004	2003	2002	2001
Driftsinntekter	124 573	122 489	118 268	107 685
Netto driftsresultat	2 572	-712	-3 863	-4 501
Netto driftsres. i % av driftsinntektene	2,1 %	-0,6 %	-3,3 %	-4,2 %

Netto driftsresultatet for 2004 – 2,572 millionar kroner eller 2,1% av driftsinntektene - er positivt. Det er likevel sterkt prega av at vi frå driftsresultatet må gjere bundne avsetningar på snaut 1,2 mill kr, m.a som fylgje av høge avgiftsinntekter.

Det er derfor vel 1,4 mill som kan nyttast til å dekkje tidlegare underskot.

7.3 Fondsbeholdninga

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.

1. Disposisjonsfondet kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte føremål på driftssida.
3. Ubundne kapitalfond kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne kapitalfond kan berre brukast til bestemte investeringar.

For Kviteseid er stoda ved utløpet av året:

	2004	2003	2002	2001
Disposisjonsfond	0	0	0	94
Bundne driftsfond 1)	7 217	6 238	5 709	6 561
Ubundne kapitalfond	7 989	8 850	8 899	8 473
Bundne kapitalfond	2 748	2 608	2 174	1 982
Sum fond	17 954	17 696	16 782	17 110

Sjølv om fondsbeholdningane har auka i løpet av året, er mesteparten av aukeinga på bundne fond. Dei to største fonda er næringsfondet sin grunnkapital på snaut 4 mill kr og Kapitalfondet (tidlegare VTK-pengane.) med 7,8 mill kr.

7.4 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane si evne til å svare for sine økonomiske forplikningar. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp differansen mellom utbetalingar og innbetalingar.

	2004	2003	2002	2001
Sum omløpsmidler	27 515	26 245	32 082	26 904
Ubrukte lånemidler	-341	864	5090	30
Kapitalfond og bundne driftsfond	17 954	17 697	16 782	17 017
Netto omløpsmidler drift	9 903	7 684	10 210	9 857
Kortsiktig gjeld	17 582	16 700	17 987	15 596
Arbeidskapitalens driftsdel	-7 679	-9 016	-7 777	-5 739
Arbeidskap. driftsdel i % av driftsinntekter	-6,1 %	-7,3 %	-6,6 %	-5,3 %

Sjølv om likviditeten er noko forbetra gjennom 2004 er den framleis dårleg, jf at arbeidskapitalen sin driftsdel er sterkt negativ. Målet er – fyrste omgang - at den i alle fall ikkje skal vere negativ. Stoda gjer at vi har kassakreditt med ei ramme på 6 mill kr

8. KOSTRA samanlikningar

Kommunane rapporterer vesentlege datamengder til Statistisk sentralbyrå gjennom KOSTRA (KOMMune STATistisk RAPportering). Dette gjeld så vel økonomiske data som aktivitetsdata. Vedlagt har vi hente ut ein del data for Kviteseid og sett dei saman med gjennomsnittet for landet, fylket og dei kommunane i den gruppa av kommunar som SSB set oss i (Gruppe 4 som er kjenneteikna med: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, låge frie disponible inntekter.)

KOSTRASystemet prøver så langt det er å ”reinske” for ulik rekneskapsføring i kommunane. Korrekte samanlikningar er sjølvsagt avhengig av korrekt innrapportering. Venteleg vil det variere noko mellom kommunane kor stor vekt ein legg på å rubrisere utgifter og inntekter nøyaktig. For Kviteseid sin del har vi gjort ein gjennomgang med tanke på å kvalitetssikre budsjett og rekneskap for 2005 i så måte. Vi har funne ein god del feilføringar slik at tala for Kviteseid sin del fyrst vil vere gode for 2005.

Tala gjeld for 2003. På ein del punkt er det opplagt skjedd endringar etterpå, men kommentarane er knytt til 2003. Kort framstilt er biletet slik:

A. Finansielle nøkkeltal.

Kviteseid ber mange kjenneteikn ved ein kommune i økonomisk uføre. Det skuldast ikkje primært låge inntekter, men for høge utgifter i høve til inntektene. Handlingsromet er ikkje til stades, lånegjelda er høg og likviditeten dårleg.

B. Nøkkeltal fordelt på utgiftsområde.

Grovt sett skil vi oss ikkje vesentleg ut når vi ser på fordelinga av brutto driftsutgifter. Vi ligg høgt på fellesutgifter (slik små kommunar har ein tendens til å gjere, men utslaget er såpass betydeleg at vi vil sjå nærare på det.). Likeeins ligg vi lågt når vi ser på pleie og omsorg.

Ser vi nokre nøkkeltal for produktivitet og kostnader får vi fram eit bilete der:

- Vi har relativt rimeleg drift i barnehagane.
- Pleie- og omsorg drivast svært rimeleg per brukar i høve til andre.
- Vi brukar mykje per elev i grunnskulen. Bakgrunnen er små grupper (klasser), jf skulestrukturen.
- Dei kommunale avgiftene er høge.

C. Behovsprofil

Kommunen har få barn, men mange gamle i høve til det totale folketalet. Utover at det er få med innvandrarakgrunn, er det ikkje spesielle tilhøve ved kommunen utover dette.

D Barnehagar

Det er forholdsvis mange ungar i barnehage i Kviteseid, men dei har ei opphaldstid som er kortare enn vanleg.. Utgiftene per barn er låge. Foreldre dekkjer i underkant av det som er vanleg. Kommunen dekkjer spesielt mykje og staten spesielt lite.

E. Grunnskuleopplæring

Det høge ressursforbruket i grunnskulen kjem fram når vi ser på utgifter per elev, jf små klasser. Det er og verdt og merke seg at vi ikkje ligg høgt på spesialundervisning, men vi har relativt mange over 16 år som i vaksenopplæring.

F Kommnehelse

Vi brukar forholdsvis mykje (brutto) pengar på helse, men dekningsraden for lege og fysioterapitenesete ligg lågare enn samanlikningskommunane.

G Pleie- og omsorg.

Vi brukar mindre enn andre på pleie- og omsorg, særleg når vi tar omsyn til at vi har mange gamle. Hjelpa er i større grad knytt til dei eldste. KOS har lågare driftsutgifter enn det som er vanleg på sjukeheimane. Det er og verdt å merke seg at vi brukar mindre på aktivisering enn andre. Dei som ynskjer det kan få einerom.

H Vatn og avløp

I høve til andre så er få knytt til dei kommunale leidningsnetta. Kvaliteten og stabiliteten er god. Avgiftene er høge.

I Sosialtenesta.

Indikatorane tyder på at dei sosiale problema er færre enn andre stader og sosialkontoret er effektivt. Fleir enn elles er under barnevernet.

J Kultur.

Kulturfeltet er sjølvsagt lite målbart Kommunen bruker forholdsvis lite på kultur, men meir enn andre på museum. Biblioteket står fram som effektivt, med høgare utlån enn elles per årsverk